

STYREMØTE I FØRDE SENIORNETT

Torsdag 26.10. 2017 kl. 1415

I møterommet/klasserommet på «Brunosten»

Som einaste sak har leiar Gunnstein sett opp :

NY INNDELING AV GRUPPENE i Førde Seniornett.

Det har vore noko misnøye frå vidarekomne med at det blir mykje repetisjon og dei vil gjerne komme vidare.

Ein skulle også hatt fleire hjelparar for dei med lite ferdigheiter på PC, og/eller treng lang tid på å hugse det dei har lært.

Egil (frå mail 22.10.):

Forslag til vidare arbeid for styret med dette:

1. styremøte for diskusjon og avklaring
2. oppsett av program for vårsemesteret
3. info til medlemmene (e-post) om styrets meining om program og omgruppering, med høve til diskusjon og tilbakemelding
4. omgruppering slik at vi får: Nybegynnarar, litt vidarekomne, meir vidarekomne
5. gruppering i vårsemesteret klart før avslutning av haustsemesteret

Det var ulike synspunkt i styret.

Kven er målgruppa for Seniornett?

Skal nybegynnarar prioriterast på kostnad av vidarekomne som gjerne vil lære noko nytt?

IKT lærer ein ikkje ein gong for alle, det kjem heile tida noko nytt.

Konklusjon:

- Egil vil setje opp nye nivåddifferensierte grupper innan midten av november. Tilbakemelding med frist på 1 veke. Må ha klar dei nye gruppene til juleavslutning fredag 8.desember.
- Setje opp programmet for undervisninga så medlemmene veit kva ein skal lære på dei ulike datoane.

Det vart eit kort styremøte p.g.a. nytt møte. Det vart ikkje teke stilling til korleis og kven som skal informere medlemmene (Egil punkt 3).

For styret

Borgny E. Slagstad (referent)